

DRANGEDAL KYRKJEKONTOR

*dok 268*

Kult.	Kirkelep.
SI	
Saksnr. <i>200800738</i>	Dato <i>2.9.08</i>
Kode <i>KI-501</i>	Beh. ....


Det kongelige kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030  
0030 OSLO


Drangedal 1. september 2008

Høring om "Styrket demokrati i Den norske kirke"

Vedlagt uttale frå Tørdal sokneråd. Den er også sendt som vedlegg til e-post i dag.

Med helsing

  
Arne Lauvhjell



Høring: "Styrket demokrati i Den norske kirke"  
Uttale vedtatt einstemming i Tørdal sokneråd 26. august 2008:

## 1. Innleiing

Drangedal prestegjeld har tri sokn: Drangedal, Kroken og Tørdal. Det er bare Tørdal som tilfeldigvis hadde soknerådsmøte etter at innstillinga var sendt ut, og som kunne bestemme møte over sommarferien tidsnok til å svare innan fristen 1. september. I møtet måndag 30. juni 2008 vedtok soknerådet i Tørdal at sokneprest Arne Lauvhjell skulle studere innstillinga i sin sommarferie og sende samandraget og forslag til uttale til medlemmane i soknerådet før møtet, som blei bestemt til tysdag. (Eit utkast blei sendt til leiarane for Drangedal menighetsråd og Kroken sokneråd. Dei heftar ikkje for denne høringsuttalen.)

## 2. Vurdering

### Kap 5 Valordningar

#### 5.2.1

- Me er skeptisk til å auke talet på leke medlammar av Kyrkjemøtet og dermed Bispedømmerådet. Det er ikkje nødvendigvis slik at fleire representantar "vil styrke den demokratiske legitimiteten". I ei større forsamling vil eliten ganske snart få meir makt, det vil utvikle seg parti og grupper og dei fleste representantane vil få mindre taletid og færre oppgåver. Fleire representantar gir auka utgifter og tar lenger møte-tid, utan at det trengjer å gje fleire resultat. (Sjå Nye forslag 1.)
- Me er einig i at ordninga med val av fem medlemmer av Kyrkjemøtet på fritt grunnlag blir avvikla.

#### 5.2.2

- Dersom det skal vere direkteval til bispedømmerådet er det ulogisk å ha alfabetisk liste der, når listene til soknerådsvalet skal vere prioriterte.
- Preferanseval er noko nytt, og vil sikkert føre til usikkerheit. Mange vil la vere å stemme; dei kjenner jo ikkje kandidatane, og mange lister vil bli forkasta pga manglande eller feil rangering.
- Det er viktig at kandidatane blir presentert grundig, og på ein slik måte at holdningane deiras blir tydelige. I dei siste stridstema (statskyrkje- og homofili-spørsmålet) har kyrkjemøtet tydeligvis vore i utakt med kyrkjefolket.
- Når det gjelder sokneråd, vil det derimot vere svært uheldig om kvar enkelt kandidat skal gjere greie for sitt syn i ulike kyrkjepolitiske og teologiske spørsmål. Soknerådet er først og fremst eit arbeidsfellesskap for menighetsarbeidet, og der ønskjer me ikkje å "granske hjerter og nyrer". Det vil kunne ta frimodet frå nye folk og gjere det vanskelig å få fylt listene.

#### 5.2.3

- To ulike ordningar for direkteval er ingen god idè. Alle medlemmane i bispedømmerådet bør veljast etter den same ordninga. Det vil vere eit tap for soknerådet om dei ikkje lenger skal velje bispedømmerådet.
- Me er ikkje einig i at soknerådet skal gje ei samla stemme; det enkelte medlemmet bør fortsatt ha si eiga røyst.

## Kap 6 Ytterligere forslag ...

### 6.1

- Me er einig i at dersom det skal vere felles valdag og fire-årig periode, så bør kyrkjevalet vere saman med lokalvalet i staden for stortingsvalet. Den norske kyrkja vil etter reformane i endå større grad vere "kommunal-kyrkje" og ikkje "stats-kyrkje". Det er urimelig at medlemmer av Frikyrkja skal møte våre stemmeurner i det vanlige val-lokalet. Men ein del av dei praktiske forslaga vil vere svært upraktiske for vår kyrkjelyd. Me måtte ha to stemme-lokale for 620 kyrkjemedlemmar over 15 år, og 4-6 personar skal ha betaling for å ta i mot i beste fall til saman 50 stemmer i løpet av ein dag.
- Derimot støttar me den foreslåtte ordninga med førehandsstemming i tilknytning til gudstenestene. I tillegg vil det i Drangedal prestegleld (=kommunen) vere naturleg med førehandsstemming på kyrkjekontoret, som er i vegg-i-vegg med kommunens sørviskontor.

6.2 Val-kort kan vere ein god tanke, men det er unødvendig i eit bygdesamfunn. (Mange stader blir det ikkje brukt i vallokalet ved kommune- eller stortingsval.)

6.3 I den grad at medlemsregisteret er korrekt er det bra å få ein modul for stemmerett.

6.4 Stemmerett og valbarheit i anna sokn enn der ein bur bør fortsatt vere unntaket.

6.5 Elektronisk stemmegiving er uaktuelt.

6.6. Om presentasjon av kandidatane, sjå 5.2.2 over.

6.7 Me er einig i kyrkjelig stemmerett ved 15 år, likt med den religiøse myndighetsalderen. Valbarheit for personar under 18 år vil neppe ha praktisk betydning hos oss, men me er ikkje prinsipielt i mot det. (I aldersgruppa 15-18 år er det 20 kyrkjemedlemmar i Tørdal sokn.)

6.8 "Ungdomsstruktur i kirken" er ikkje så aktuelt for oss.

6.9 Me er mot økonomisk kompensasjon for soknerådsarbeid. Dei som arbeider i kyrkjelige råd gjør det ut av ei interesse for kyrkja, og me ser det på linje med kristent og anna foreiningsarbeid, som er og bør vere ulønna. For heildagsmøte finst det vanlige ordningar for tapt arbeidsforteneste og rett til fri for samfunnsoppdrag.

6.10 Valperiode på to år kan gjøre det lettare å få nye til å stille til soknerådval. Særlig er det aktuelt for ungdom, som flyttar ut etter vidaregåande skule. Det er fleire grunnar som talar for å velgje halve soknerådet annakvart år: Sikre kontinuitet og rekruttering til ledaroppgåve, pluss at det kan vere lettare dersom ein ikkje må skaffe så mange namn kvar gong.

6.11 Opplæring bør vere lokalt.

6.12 Styrking av valapparatet i form av stillingsressursar må ikkje komme på kostnad av anna kyrkjelig arbeid eller gå ut over budsjettet ti Fellesrådet.

6.13 Me går mot å endre namnet frå ”råd” til ”styre”. Kyrkja er verken ei vanlig foreining eller ei bedrift.

#### Kap 7 ”... utvelgelse av proster og biskoper”

7.1 Bispedømmet bør få større vekt i dagens prosess og spesielt ved ordninga for bispeval som skal komme frå 2013.

7.2 Me er einig i at tilsetning av prost bør skje i bispedømmerådet. Sokneråd og prestar i prostiet må få reell medverknad.

#### Kap 8 Evaluering og forskning

Me vil ikkje prioritere desse emna. Undersøkingar og statistikk får ikkje med seg den verkelege situasjonen for kyrkja, og spesielt ikkje lokalkyrkja. Husbesøk og andaktar blir ikkje lenger registrert i rapportskjema, og heller ikkje grunnar for utmelding av Kyrkja og evt. overgang til andre kyrkjefamfunn.

#### Kap 9 ... endring i regelverket

Me har ingen kommentar til dette kapitlet.

#### Kap 10 Økonomiske og administrative konsekvensar

I kyrkjelig samanheng er desse konsekvensane formidable. Når eit val etter forslaget vil koste rundt 100 mill. ekstra både i 2009 og 2011 og så kanskje kvart fjerde år framover, kan me ikkje la vere å tenke på kva nytte desse pengane kunne gjort elles: For 200 mill. kunne ein bygd 10-20 mindre kyrkjer der det trengst. For 25 mill. (= fordelinga på kvart av åra i valperioden etter 2011) kunne ein fått lønn til 50 prestestillingar eller 60-70 andre kyrkjelige stillingar. Årsbudsjettet for dei største misjonsorganisasjonane våre er gjennomsnittlig på 100 mill. Gåveinntektene for dei fire største var 247 mill i 2007 (Vårt Land 29.01.2008). Me vil gå sterkt i mot at middel frå andre tiltak blir kanalisert til val-prosessen, samtidig som me er redde for at det daglige arbeidet uansett vil lide.

#### **4. Kommentar**

- Me kjenner det politiske behovet for auka valdeltaking ved kyrkjelige val. Når valdeltakinga er så låg, så henger det saman med at det er blitt færre som er interessert i det daglige livet i kyrkja og med låg gudstenestedeltaking utanom høgtider/spesielle dagar. For ein generasjon sidan blei det avgitt 60-70 stemmer ved soknerådval i Tørdal, mot i seinare år ca 20. Det er grunn til å tvile på om tekniske grep og nye ordningar vil auke deltakinga utover 10-15%.
- Me er ikkje redde for at sokneråda skal bli ”mindre kristelige” om det blir lettare å stemme. Ein må i alle fall vere litt interessert i kyrkja for å stille til val, og støtte opp om føremålet ”å vekke og nærme det kristelige liv i soknet”. Me driver ikkje kyrkjepolitikk i våre små menigheter i Drangedal, me driver på for å halde skuta flytande, og prøver å halde rett kurs.
- Me kjenner ein grunnleggande tvil om rådsstruktur og demokratisering er berging for kyrkja. Så vidt me kan vurdere, går svært mykje av tida på kyrkjemøtet med til diskusjonar som ligger på sida av hovudoppdraget til Jesu Kristi kyrkje. Det er ingen ting som tyder på at kyrkja har hatt større framgang på grunn av at rådsstrukturen blei bygd heilt til topps.

- Kyrkja i Norge vil leve dersom ho opptrer som ein del av Jesu kropp; så lenge ho kan føre nye menneske til frelse og til lokal teneste, og så lenge Guds ord blir lært og ført vidare til nye genesrasjonar.
- Me som sit i sokneråd i dag meiner ikkje at me manglar demokratisk legitimitet eller rett kall. Men me saknar administrativ hjelp og økonomisk handlefrihet.
- Me meiner at kyrkja i framtida vil bli meir lokal. Det er i dag store variasjonar i kyrkjelandskapet, både når det gjelder arbeidsmåtar og ressursar og også praktisering og forkynning av trua. Innstillinga legger altfor stor vekt på val til dei sentrale organa, som på mange måtar manglar teologisk og annan legitimitet. Me ser for oss at forholdet mellom soknerådsval og kyrkje/bispedømmerådsval blir som ved dei politiske lokalvala, der deltakinga til fylkestingsvalet ligger langt etter den ved kommunestyre-valet.

## 5. Nye forslag

1. Prostereformen og ny tenesteordning for prestane legger vekt på soknet og i mykje større grad enn før på prostiet som eining. Det burde derfor bli obligatorisk å ha prostiråd, og det bør få ein del av arbeidsoppgåvene og dei økonomiske og administrative ressursane som i dag går til sentrale organ. (Eksempel på moglege oppgåver: Medverknad ved tilsetting av sokneprest; finansiering og tilsetting av prosti-prest, -kateket og –diakon; bygging og drift av fjellkyrkje, gate/bryggekapell.)<sup>1</sup> Saman med (sokne)prestane kunne prostirådet vere ein prostimøte.
2. I staden for å lage større bispedømmeråd bør ein få fast bispedømme-møte. Det kunne f.eks. møtast annakvart år. Eit slikt møte kunne vere sett saman av bispedømmerådet (inkludert biskopen), prostane, alle sokneprestane og ein representant for kvart sokn, kanskje valt av menighetsmøtet for fireårs-perioden. Det ville gje eit fleirtal av lekfolk, sidan mange sokn deler sokneprest. I tråd med forholdet Storting/regjering og tilsvarande i dei ulike ordningane i fylke og kommune, kunne Bispedømmerådet vedta arbeidsprogram og (langtids)budsjett for Bispedømmerådet.
3. Både dagens ordning og dei foreslåtte ordningane i innstillinga representerer ei samanblanding av linjer og ulike prinsipp for val. I dag er det direkte val til soknråd, og indirekte val til bispedømmeråd, samtidig som medlemmane i Bispedømmerådet er størstedelen av Kyrkjemøtet. Dersom både sokneråd og bispedømmeråd blir valt ved direkteval vil soknerådet miste ein posisjon. Ein vil fortsatt ha den merkverdigeheit at representantar som er valt til eitt organ (Bispedømmerådet) sit i eit anna (Kyrkjemøtet). Dersom ein vil gje demokratisk legitimitet ved å etterlikne det politiske systemet bør det vere eitt val til Kyrkjemøtet ("Stortinget") og eitt anna til Bispedømmerådet ("Fylkestinget").

---

<sup>1</sup> Ps frå soknepresten, ikkje vurdert av soknerådet: For å balansere prostirådet og den styringa som prosten etter dei nye ordningane tar frå soknepresten kunne prosti-konventet (lokalt prestemøte) få ein avgrensa status og mynde i saker som ikkje ligger i prosten sin styringsrett eller til fagforeininga.